



Notat

Dato: 05.05.2014
Arkivsak: 2014/13022-3
Saksbehandlar: handyrn

Til:	Nils Egil Vetlesand
Frå:	Hanne Camilla Dyrnes

Tertialrapport pr. 30. april 2014 - rekneskapsprognose for organisasjonsavdelinga

Hovudkonklusjon

Det er høgt aktivitetsnivå i organisasjonsavdelinga. Særleg gjeld dette aktivitetar knytt til opplæring og utvikling av leiarar, og generell organisasjonsutvikling. Fleire av desse aktivitetane er ei direkte oppfølging av tiltak knytt til forvaltningsrevisjonen av personalområdet. Som følgje av desse aktivitetane vil vi gå over rammene for budsjettposten personalopplæring. Dette vert søkt kompensert gjennom andre budsjettpostar og vakante stillingar.

Ut frå erfaring tyder likevel alt på at organisasjonsavdelinga som heilskap vil gå ut i pluss i 2014.

Nedanfor er nokre kommentarar til driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet høvesvis samt status for aktuelle aktivitetar. Kommentaraner er knytt til organisasjonsavdelinga sin strategi og måla i denne.

1. Organisasjon og arbeidsmåtar

Avdelinga har styrka kommunikasjonsarbeidet gjennom intern overføring av stillingar: Ny kommunikasjonsdirektør byrja 1. desember 2013, ein rådgivar vart overført frå stab 1. februar og to nye rådgivarar byrjar 1. mai.

Arbeidet med å revidere lønsstrategien er påbyrja.

Vi er godt i gang med å implementere nytt sak- og arkivsystem, men det er ein del manglar ved systemet. Vi har derfor stilt krav om utvida godkjenningsperiode frå 2. april til 2. juli. Vi vil fremje krav overfor leverandøren om dagbøter, evt erstatning.

2. Leiarar og medarbeidarar

Nytt opplegg for leiaropplæring er i gang. Våren 2014 er første kull av leiarar som byrja i HFK etter 1.1.2012 godt i gang med modul 1 «Grunnpakke» i HFK-leiarskulen. «Grunnpakke» består av fem dagsamlingar der tema er kunnskap som våre leiarar må ha for å vere gode HFK-leiarar. Eit nytt kull vil starte opp hausten 2014, og det er planlagt eit kurs kvart halvår frametter. Kvart kurs har ei kostnadsramme på omlag kr 100.000. Kostnadene til dette kurset vil bli dekkja av ansvarsstad 140208 Personalopplæring.

Hausten 2014 vil vi starte opp eit leiarutviklingsprogram for dei som har vore leiarar i HFK i meir enn fem år. Kostnadene til denne satsinga vil gå frå ansvarsstad 140102 Leiarskapsutvikling, som har eit budsjett på omlag 1.500.000. Vi vil søkje støtte til denne satsinga frå KS.

I mars 2014 har den første store medarbeidarundersøkinga vore gjennomført i HFK. Tema i undersøkinga vil mellom anna vere arbeidsmiljø, motivasjon og leiing. Det er Rambøll Management Consulting som gjer undersøkinga. Kostnadene til undersøkinga, og oppfølging av denne i form av kurs og ev. tilleggstenester, er stipulert til kr 300,000 og vert dekkja over ansvarsstad 140105 Organisasjonsutvikling.

3. Person- og organisasjonstryggleik

Revidert beredskapsplan vil bli lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget til hausten.

4. Forvaltning, drift og tenesteproduksjon

Som ei oppfølging av forvaltningsrevisjonen av personalforvaltninga, vil leiarar som vart tilsett før 1.1.2012 få eit tilbod om opplæring gjennom ei to-dagarssamling anten vår eller haust 2014. Kostnadene til denne satsinga er stipulert til i underkant av kr 500.000 totalt og vert dekkja av ansvarsstad 140208 Personalopplæring.

Formålet med prosjektet «Budd på framtida» er å kartlegge og vurdere funksjonar, struktur, kompetanse og kapasitet i organisasjonen opp mot dei oppgåvene Hordaland fylkeskommune skal utføre, for å sikre at desse vert gjennomført på ein mest mogleg effektiv måte. Prosjektet vil verte gjennomført i 2014 og 2015. Målet er at aktuelle tiltak skal implementerast i budsjettet frå 2015. «Budd på framtida» har ein stipulert kostnadsramme på kr 450.000 i inneverande år. I tillegg kjem ei kartlegging av Tannhelseavdelinga til ein kostnad på omlag kr 100.000, som er gjennomført i vår. Prosjektet «Budd på framtida» vert dekkja over ansvarsstad 140105 Organisasjonsutvikling/ vakant stilling i staben.

Organisasjonsavdelinga registrerer ein auke i bruken av advokattenester knytt til personalsaker, overtalssaker m.v. Desse kostnadene er det ikkje budsjettert særskilt med.

Kopi til:
Jon-Rune Smørdal